

## ”Om bruk av båtar i Noreg”

**Med lang kystlinje og godt fiske har det frå gammalt av vore mange båtar i Noreg. Dette gav grunnlaget for utvikling av ein stor seglskuteflåte på 1800-tallet, og førte til at Noreg seinare har vore blant dei største sjøfartsnasjonar i verda.**

Menneska i Noreg busette seg oppetter kysten etter siste istid. Dei første spora etter menneske er ca. 10 500 år gamle. Menneska ferdast på sjøen frå første stund av. Dei tidlegaste båtane var flåtar og uthola trestammar, seinare kom båtar av treribber kledd med skinn av sel og hjort i bruk. Med tida lærte folk seg å byggje båtar av treplankar, og tok i bruk robåtar eller større båtar, til dømes vikingskip. Etter som folka hausta erfaringar på sjøen, vart det utvikla andre og større båttypar som segla både langs kysten og til fjerne farvatn.

Båtar frå langt tilbake i tid finst avbilda på helleristningar, til dømes i Domba på øya Hovden utafor Florø. Desse båtane vart hogde inn i fjellet for ca. 4000 år sida.

## ”Dei ulike båttypane»

- **Robåtar.** Robåtar fanst i ulike storleikar, frå færingar som to personar rodde, til dei store fem-keipingane med fem par svære årar. Desse fem-keipingane var så store at det måtte sitte ein mann å ro ved kvar åre, det vil seie at det måtte ti mann til for å ro med alle årane på ein slik båt. Andre storleiker av robåtar var til dømes tre-keipingar (tre par årar) og fir-keiping (fire par årar). Alle robåtane kunne ha segl, av ulike fasongar. Det vanlegaste var **råsegl**, seinare kom **sprisegl** og **gaffelsegl** i bruk. Desse robåtane var for det meste nytta til fiske eller til persontransport, til dømes segle til kyrkja eller ro til handelsmannen.
- **Jekter.** For å frakte varar og gods vart det bygd store jekter. Desse var kraftig bygde og veldig breie, og frå starten av var dei utan dekk. Den store breidda gav god plass til mykje og tung last. Jektene hadde ei mast med stort **råsegl** (firkanta segl, slik som vikingskipa), og eit eige lite **toppsegl** øvst. Med jektene vart det frakta mykje ved, sild og tørrfisk / klippfisk til Bergen. Veden vart henta inne i fjordane, mens silda og fisken kom frå Nord-Noreg eller frå øyane langs kysten.
- **Jakter og galeasar.** Etter kvart overtok jakter og galeasar for jektene. Desse båtane var enda større og hadde **dekk** med **lasteluker**. Begge båttypane hadde **gaffelsegl** (same type segl som ein skonnert, sjå neste ark). Ei jakt hadde **ei mast**, mens ein **galeasen hadde to master**. Jaktene og galeasane segla som **fraktefartøy langs Norskekysten** med fisk, sild, ved, murstein, sement og ulike andre handelsvarer. Slike fartøy segla også **til England** og landa rundt **Austersjøen**, vanlegvis med sild og fisk frå Noreg. **Seglskuta Svanhild i Florø er ein jakt med galeasrigg, bygd i 1889.**
- **Større seglskuter** Dersom varar skulle fraktast eller hentast lenger ut i verda, måtte ein nytte større fartøy. Dei kunne laste mykje meir, og tålte også storm og dårleg vêr betre. Slike fartøy kunne til dømes vere av typen **skonnert**, **brigg**, **bark** eller **fullriggar**. Alle desse hadde mange segl og kunne gjere god fart når vinden var bra. Men alle segla kravde stort mannskap, og på dei største fullriggarane kunne det jobbe opptil 20 mann. Det kunne vere farleg arbeid oppe i mastene når veret var dårleg. Dei høgste mastene var over **40 meter høge**, eller om lag 5 – 6 gongar høgda på eit vanleg hus.